



La alle bli med på leiken – gratis SFO



For dei mange
– ikkje for dei få

Gratis SFO

SV vil at alle barn på barnesteget skal få vere med på leiken. I dag er skulefritidsordinga prega av at prisane og tilbodet varierer mykje mellom kommunane. Nokre stader må foreldre betale opp mot 40.000 kroner i året for eitt barn i SFO. Alt for mange må ta barna ut av SFO tidlegare enn dei eigentleg ønskjer. Skulen skal bidra til å jamne ut forskjellar, og det er veldig uheldig at berre foreldre med romsleg økonomi har råd til å sende barna sine på SFO.

Derfor vil SV gjere SFO gratis i heile landet. Sånn kan vi sikre at SFO blir eit fellesskap med leik, fysisk aktivitet og kultur, og eit variert tilbod til alle barn, uavhengig av inntekta og bakgrunnen til foreldra.

SV vil:

- **gjere SFO gratis.** SFO skal vere open timane før og etter skuletid for 1.-4. trinn, og for barn med særskilde behov for 1.-7. trinn
- **heve kvaliteten i SFO.** Skolen og SFO skal vere ein del av lokalsamfunnet gjennom eit auka samarbeid med kulturskulen, frivillige organisasjonar og lokalt arbeids- og næringsliv, som kan bygge opp under det breie synet skulen har på kunnskap og kompetanse
- **ha fleire tilsette og eit sterkare lag rundt eleven ved å styrke samarbeidet mellom skule og SFO**

Sosialistisk Venstreparti

Hagegata 22, 0653 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Meld deg inn i SV!

Send SMS med
INNMELDING <din e-post>
<ditt namn> <adressa di>
til 2090 (100 kroner)

